# Austevoll kommune

## Avtale om handtering av helge- og høgtidsturnusar

I møte juni 2009 vart partane einige om følgjande løysning;

1. Omarbeiding av ordinær turnus i samband med helg- og høgtid forutset skriftleg avtale med tillitsvalte. Tillitsvalte kan inngå avtale om gjennonsnittsberekning av søn- og helgedag. Helge- og høgtidsturnus utarbeidast i samarbeid med tillitsvalte. (hjelpeturnus)

2. Varslingsfrist for helge- og høgtidsturnus er minst fire veker før iverksetting.

3. Berekning av raude dagar: Det skal vere arbeidsfri frå kl 18.00 dagen før en søndag eller helgedag og til kl. 22.00 dagen før neste virkedag. Arbeid innanfor desse tidsrom reknast som søndag og helgedag, aml § 10-10 søndagsarbeid.

4. Dersom drifta tillèt det skal det gis F3 ut over minstekravet.

5. Arbeidsgjevar utarbeider hjelpeturnus med fokus på drift, og imøtekjem ynskjer så langt det lar seg gjøre.

6. I samband med jul og påsketurnus skal det leggast vekt på å få til ein todeling slik at tilsette får fri anna kvar jul/ nyttår og første eller andre halvdel av påsken ( påsken deles ved oppstart av natt til påskeaftan).

7. Ved endring av vakter / arbeidsdagar i hjelpeturnus byttes sorte dagar mot sorte, og røde dagar mot røde. Ein tilsett kan ikkje settes på fleire røde dagar, eller fleire arbeidstimar enn den sitter igjen med etter telling jfr punkt 2.
   Dersom den tilsette og arbeidsgjevar blir samd om å bytte dagar i hjelpeturnusen mot andre dagar som ligger før eller etter hjelpeturnusperioden, så noterast denne avtalen på turnusen eller i eige følgjeskriv.

8. F5 dag telles ut frå grunnturnusen. Dersom slik erstatningsfridag ikkje kan gis, skal deltidstilsette som erstatning for fridag utbetalast "ordinær daglønn", som for deltidstilsette må forståas som lønn tilsvarande det antall timer vedkommande arbeidet den aktuelle søndagen, basert på den timesats vedkommande ordinært ville oppebære i den aktuelle stilling. Slik erstatning vil for en heiltidstilsett være 1/260-deler av vedkommandes faste årslønn. (Jfr dom i Arbeidsretten av 21.desember 1995).

9. F4 dagar. Det drøftes med den einskilde avdeling om det skal gis helt eller delvis fri, eller gis betaling. Dersom partane ikkje blir einige skal arbeidsgjevars vurdering leggjast til grunn.

| Austevoll kommune | Fagforbundet | NSF |
|---|---|---|
| v/ | v/ Kari Suphammer | v/Sissel Eug Fondenes |

Denne avtalen kan seies opp av partane, saman eller kvar for seg, årlig innan 1. oktober. Utan oppseiing gjeld avtalen i eit år av gangen.

Austevoll kommune

## TURNUSAVTALE

Forhandlingsmøte gjeld turnusavtalen for turnusplan for de tilsette

ved...................................................

Møte vart halde på.......................................................den....................

Følgjande var tilstades:

| **For arbeidsgivar:** | **Tillitsvald Fagforbundet:** |
| --- | --- |
| ........................................ | ........................................ |
| ........................................ | ........................................ |

**Partane vart einige om vedlagde turnusplan, med følgjande presiseringar:**

1. Turnusavtalen er inngått med grunnlag i vedlagte turnusplan datert ............ Turnusplanen (grunnturnus) gjelder generelt og uavhengig av kven som til einkvar tid vil inngå i den. Ved varig endring av turnusplanen må turnusavtalen reforhandlast. Sjå nærare om oppseiingsfristar i pkt 12.
2. Turnusavtalen er basert på gjennomsnittsberekning av alminneleg arbeidstid, jf aml § 10-5 (2). Alminneleg arbeidstid kan maksimalt settast til 10 timer for nattevakter, dag/kveld 8 timer i løpet av 24 timer og 48 timer i løpet av sju dagar. Perioden for gjennomsnittsberekning er 6 veker.
3. Starttidspunktet i det einskilde døgn er kl.00.00, og den einskilde veke måndag kl.00.00.
4. Spisepause på dagvakter er ekskludert arbeidstid og skal fastsettast på turnusplanen. Ettermiddags-/ kveldsvakter, helgevakter og nattevakter får spisepause inkludert i arbeidstida, jf aml § 10-9. Unntak: Eidsbøen bufellesskap. Sjå særavtale, må event. Spesifiserast på kvar einskild arbeidsplass.
5. Partane er einig om å fråvike kviletidsbestemmelsene etter aml § 10-8 (1), slik at daglig arbeidsfri blir sett til 9 timer i løpet av 24 timer. Tilsette skal sikrast kompenserande kvile etter kvar vakt, jf aml § 10-8 (3).
6. F1-dagen er på 35 timer, jf aml § 10-8 (2) og skal leggast på siste fridag <u>før</u> helgen ved arbeidshelg. Stillingar frå 50 % og oppover til 100% skal ha F1 dag torsdag eller fredag.
7. Turnusplanen er basert på arbeid kvar 3. helg. Unntak: er det ønskjeleg for arbeidstakar kan ein inngå individuelle avtalar om å jobbe annan kvar helg.
8. I forbindelse med arbeid i helge- og høgtidsperiodar inngås det hjelpeturnusar basert på grunnturnus, dvs. ikkje fleire vaktar i den perioden enn fastsett på grunnturnus. F1 dag er låst. Ein følgjar eigen avtale om handtering av helge- og høgtidsturnusar datert ..........


| Postadresse | Telefon | Telefax | Bankgiro | Bankgiro | E-post: postmottak@austevoll.kommune.no |
| --- | --- | --- | --- | --- | --- |
| 5392 Storebø | 55 08 10 00 | 55 08 10 01 | 3470.07.54431 | 6518.05.00949 | Foretaksreg. NO 941 139 787 MVA |

9. I forbindelse med ferieavvikling lages eigen sommarturnus basert på grunnturnus.
10. Avvik frå grunnturnus skal gjerast kjent for dei tilsette så tidleg som mogeleg og godkjennast av tillitsvalde seinast fire veker før perioden startar.
11. Dersom grunnturnus/ hjelpeturnusar/ sommarturnus likevel tas i bruk og varslingsfristen ikkje blir overhaldt, betalast som for forskjøvet arbeidstid inntil avtalte turnusar har vore kjent for medlemmene i fire veker.
12. Spesielle tilpassingar for einskilde tilsette som er av forbigåande karakter, skal vere tidfesta og leggast ved denne avtala som dokumentasjon.
13. Ny turnusplan skal utarbeidast i samarbeid med Fagforbundet / NSF sine tillitsvalde, jamfør aml § § 10-3 og 10-5. Ny avtalt turnusplan skal gjerast kjend for arbeidstakarane i god tid og underskrevet av partane seinast fire veker før den blir iverksatt.
14. Planen blir sett i verk den……………., og gjeld til …………., og vidare eit år om gongen med mindre den blir sagt opp av ein av partane med 3- månaders varsel. Varslingsfrist for grunnturnus er fire veker.

**For arbeidsgjevar:**
……………………………………

**Tillitsvald:**
Kari Suphammer Fagforbundet
Sissel Evy Fondenes NSF